



# Mormorveske



---

<b>Størrelse:</b>	Liten (Stor)
<b>Garneksempl:</b>	Dobbel tråd fingering
<b>Garnmengde:</b>	Ca. 25 g (100 g)
<b>Heklekrok:</b>	Ca. 3,5 – 4 mm

---

Eg kallar det mormorruter i staden for bestemorruter sidan det er mormora her (mi mamma) som er superheklaen i familien. Mine slike ruter både i babyteppet og her i veska er dessutan litt annleis enn vanlige bestemorruter. Eg vil jo finne på noko nyt! 😊

Vi hekler og hakker alle forskjellig. Her er det viktig at alle delane passer til veskelåsen. Start med å hakke føret og mål på låsen slik at du får rett breidde. Monter føret først før du starter på mormorrutene. Pass på at rutene passar til ditt før. Juster evt. størrelse på rutene ved å endre størrelsen på heklekroken, eller legg til ei ekstra rad med fastmasker rundt.

## Hakke før:

Legg opp så mange masker at du dekker bredden av veskelåsen. Hakke eit 24 (48) cm langt stoffstykke. Sett av lange ender som du bruker til å sy saman med til slutt.

Søk på «Lær å flathakke» på YouTube, eller trykk på lenka her:

[https://www.youtube.com/watch?v=gdB\\_oqoAGH4&t=517s](https://www.youtube.com/watch?v=gdB_oqoAGH4&t=517s)

## Montering av før:

Brett foret rundt veskelåsen slik at den fine sida på foret vender inn i veska. Og den fine sida på foret vender ut kun oppe på veskelåsen. Sy ned kanten. Denne saumen vert skjult av av mormoruta som monterast utanpå.

Sy saman sidene på foret.

## Mormorrute lita veske:

Legg opp 5 lm med dobbel tråd tynt sokkegarn på krok 3,5. Fest til ein ring med ein kjm.

Hekle 12 hst med 1 lm mellom, rundt heile ringen. 1. stav er 2 lm + 1 lm. Skift farge.

Hekle 1 kjm i 2. lm i starten på forrige omg.

Hekle 1 boble mellom kvar halvstav med 1 lm mellom kvar boble. = 12 bobler. Skift farge.

Hekle 1 kjm i toppen av bobla i starten på forrige omg.

\*\* \*Hekle 3 hst mellom dei neste 2 boblene\* Gjenta \*-\* 1 gong. Hekle 3 hst, 2 lm, 3 hst mellom dei neste 2 boblene \*\* Gjenta \*\*-\* tilsammen 4 gonger.

Rutene skal verte ca. 7,7 x 7,7 cm.

Hekle 2 slike ruter. Sett av lange ender som du bruker til å sy saman med til slutt.

## Mormorrute stor veske:

Legg opp 5 lm med dobbel tråd tynt sokkegarn på krok 3,5. Fest til ein ring med ein kjm.

Hekle 12 st med 2 lm mellom, rundt heile ringen. 1. stav er 3 lm + 1lm. Skift farge.

Hekle 1 kjm i 3. lm i starten på forrige omg.

Hekle 1 boble mellom kvar stav med 2 lm mellom kvar boble. = 12 bobler. Skift farge.

Hekle 1 kjm i toppen av bobla i starten på forrige omg.

\*\* \*Hekle 3 st mellom dei neste 2 boblene (første stav er 3 lm)\* Gjenta \*-\* 1 gong. Hekle 3 st, 3 lm, 3 st mellom dei neste 2 boblene\*\* Gjenta \*\*-\* til saman 4 gonger.

Hekle 1 kjm i 3. lm i starten på forrige omg.

Hekle 1 omg. med fm i kvar stav. I hjørna heklar du 3 fm.

Rutene skal verte ca. 9,7 x 9,7 cm.

Hekle 8 slike ruter. Sett av lange ender som du bruker til å sy saman med til slutt.

## Bobler:

Hekle bobler slik:

\*Kast, dra tråden tråden rundt lm (dra maskane litt lange)\* \*-\* 4 gonger, dra tråden gjennom alle kasta, dra tråden gennom dei to siste m på kroken.

Søk på «hekle bobler – walk & knit bag» på YouTube, eller trykk på lenka her:

<https://www.youtube.com/watch?v=yL2-ZWlsFpY>

PS! På filmen er det brukt tjukkare garn, så der blir kasta kun repetert 3 gonger!

## Montering av mormorruter:

Sy på mormorrutene på kvar side av veska.

På den største veska syr eller hekler du saman rutene før du monterer dei på veska. 4 ruter på kvar side. Evt. kan du sy/hekle saman alle 8 rutene, og kun feste dei oppe langs forkanten. Pass då på at mormorrutene er litt større enn føret.

## Forkortinger:

kjm = kjedemaske

lm = luftmaske

st = stav

fm = fastmaske

hst = halvstav

Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk og #mormorveske om du vil.

Elisabeth

[www.hettestrikk.no](http://www.hettestrikk.no)